



Årsmelding 2025 Arna Arbeidarpartilag



Styre og utval for året 2025, valt på årsmøtet i Arna Arbeidarpartilag 10. januar 2025:

2

Styret:

Leiar	Arild Grimastad Iversen	Ikkje på val
Nestleiar	Ann Wigdis Wilhelmsen	Ikkje på val
Styremedlem	Marit Austnes	Ikkje på val
Styremedlem	John Brattåker	Ikkje på val
Styremedlem	Britt Torvund	2 år
Styremedlem	Geir Steinar Dale	2 år
1. varamedlem	Elena Danyliuk Namdal	1 år
2. varamedlem	Eivind Helland Marienborg	1 år
3. varamedlem	Geir Havre	1 år

I tillegg til valde styremedlemmer, har Kine Bratli Dale tiltredd styret, i kraft av å vere laget sitt medlem av fylkestingsgruppa til Vestland Arbeiderparti.

Styret konstituerte seg sjølv med øvrige funksjonar utover leiar og nestleiar på første styremøte etter årsmøtet. Marit Austnes har fungert som kasserar, medan Geir Steinar Dale har fungert som medlemsansvarleg. Rolla som sekretær har rullert frå styremøte til styremøte.

Revisor: Per Torvund 1 år
Revisor: Arvid Eide 1 år
Vara Revisor: Kristin Akselberg 1 år

Representantskapet og årsmøtet i Arbeiderpartiet i Bergen:

Medlemmar:	Vararemedlemmar:
Arild Grimastad Iversen Ann Wigdis Wilhelmsen John Brattåker Marit Austnes Geir Steinar Dale	Elena Danyliuk Namdal Einar Salbu Kine Bratli Dale Per Torvund Britt Torvund Eivind Helland Marienborg Kristin Akselberg

Årsmøtet i Vestland Arbeiderparti:

Medlemmar:	Varamedlemmar:
Arild Grimastad Iversen	Marit Austnes
Geir Steinar Dale	Kine Bratli Dale
	John Brattåker

Representantskapet i Vestland Arbeiderparti:

Medlem: Arild Grimastad Iversen

Varamedlem: Marit Austnes

Kvinneutvalet:

Elena Danyliuk Namdal

Styrerepresentantar i IS Kulturhuset Sentrum:

Medlem: Geir Havre 2 år

Varamedlem: Kine Bratli Dale 2 år

Årsmøte IS Kulturhuset Sentrum:

Medlem: Kine Bratli Dale 1 år

Medlem: Arild Grimastad Iversen 1 år

Medlem: Geir Havre 1 år

Varamedlem: Geir Steinar Dale 1 år

Representantar i Fylkestinget:

Kine Bratli Dale, medlem av Fylkesutvalet og Fylkestinget, og nestleiar i Hovedutval for kultur, idrett og inkludering

Representantar i Bergen bystyre:

Geir Dale, medlem - Utval for miljø og byutvikling

Einar Salbu, varamedlem - Utval for finans, kultur og næring

Politiske representantar i samarbeidsutval skular og barnehagar:

Garnes skule: Marit Austnes, med Ståle Nordøen som vara

Indre Arna barnehage: John Brattåker, med Ann Wigdis Wilhelmsen som vara

Bogane barnehage: Ann Wigdis Wilhelmsen, med Kristin Akselberg som vara

Ytre Arna skule: Kine Bratli Dale, med Arild Grimastad Iversen som vara

Representanter i politiske forum Arbeiderpartiet i Bergen

Marit Austnes og Roy Juvik - Oppvekstpolitisk forum

Bjørn Bjørnnes - Utenriks-, sikkerhets- og forsvarspolitisk forum

Valkomit  Arna Arbeidarpartilag 2025:

Leiar: Kine Bratli Dale 1  r

Medlem: Arvid Eide 1  r

Medlem: Tor Inge Akselsen 1  r

Valkomit  AiB 2025:

Geir Steinar Dale

 rsm te 10.01.25



 rsm tet 2025 blei avhalden i Speglsalen i Kulturhuset Sentrum i Ytre Arna, og det var 17 medlemmar til stades. June Trengereid Gruer, Arbeiderpartiets 5.kandidat p  Hordaland valkrets si stortingsliste, heldt innleiing om den politiske situasjonen. Ho snakka blant anna om konsekvens ved   f  h gresida i leiinga av landet v rt etter valet, alvoret i h yrepopulistisk framvekst i Europa, og engasjement for Palestina. Det blei vedteke 4 saker/uttalar, knytt til HPV-vaksine, reklame p  kollektivtrafikk i Bergen, oljefondinvesteringar i okkuperte omr de og rehabiliteringsprosjektet for realfagbygget i Bergen. Desse vart begge delvis eller i si heilheit oversende til Arbeiderpartiet i Bergen sitt  rsm te.

Politisk rekneskap for  rsm tevedtak

HPV-vaksine - Nedstemt p   rsm tet til AiB.

Reklame p  kollektivtrafikk - Nedstemt p   rsm tet til AiB.

Oljefondinvesteringar i okkuperte omr de - Vedteken p   rsm te AiB og som del av uttale fr  fylkes rsm te Vestland AP. Ogs  sendt stortingsgruppa

Rehabilitering Realfagsbygget - Vedteken p   rsm te AiB, oversendt stortingsgruppa. Det er gitt signaler fr  regjeringen p  at realisering f lges opp

Æresbevisningar / merkeutdeling:

Tradisjon tru vart medlemmar med årsjubileum markerte på årsmøtet. Følgjande har fått utdelt merke/diplom for medlemskapet sitt i Arbeiderpartiet for 2024:

Karin Natås 20 år
 Solgunn Bratli Dale 20 år
 Kine Bratli Dale 20 år
 Britt Torvund 20 år
 Arild Grimastad Iversen 20 år



John Brattåker 30 år



Geir Steinar Dale 50 år



Birger Bergsvein Bendiksen 60 år

Av desse, var Birger B. Bendiksen einaste som ikkje var til stades. Han fekk i ettertid overrekt utmerkinga personleg, av lagsleiar og kasserar.

Følgjande medlemmar vil bli heidra med æresbevisningar på årsmøtet i 2026 for 2025:

Ingeborg Eliassen	20 år
Bette Gry Johansen	20 år
Marit Austnes	30 år
Jørn Davidsen	30 år

1.mai arrangementet:



1.mai vart i 2025 gjennomført med nedleggjing av blomar på monumentet over fabrikkarbeidarkvinna og Baste Haugland i minneparken, musikk av Arne Musikforening, før ein kort prosesjon ned til Kulturhuset Sentrum.



Der held dagen fram med talar, underhaldning og barneleikar. Hovudtalar var statssekretær i Kultur- og likestillingsdepartementet Erlend Hanstveit, medan det var halden 2 ungdomsappellar - ein frå lokal ungdom i Ytre Arna Dzhuliya Eskina, og ein frå stortingskandidat June Trengereid Gruer. Internasjonal appell frå Norsk Folkehjelp vart halden av Maren Fremstad. Arrangementet blei gjennomført innandørs, med god deltaking.



Arne Musikforening var med, slik at det blei ei verdig og fin markering, og artisten Jørgen Fagerbekk stod for den kulturelle underhaldninga.



Medlemsmøter:

Laget har i 2025 gjennomført 2 medlemsmøter - eitt knytt til felles sommaravslutning saman med Åsane Arbeiderparti, og eitt knytt til oppsummering av å valkampen 2025.

13.juni hadde Arna og Åsane sommarmøte, med «korgafest». Det var også appellar knytt til den politiske situasjonen i bystyret i Bergen v/Geir Steinar Dale og Fauzia Hussain-Wiik, og om valkampen v/valkampleiar i Bergen, Helena Haldorsen.



Arna AP

15. oktober 2025 · 🌐

Hyggelig medlemskveld med pizza og prat rundt årets valgkamp på Kulturhuset Sentrum igår 🍕



14.oktober hadde partilaget eit møte med evaluering av valkampen som tema, i Kulturhuset Ytre Arna. 2 medlemmar utover styret møtte opp, men det vart likevel ein triveleg kveld med god mat, drikke og uformell samtale rundt positive ting og forbedringspotensiale knytt til gjennomføringa av valkampen.

Kvinnepolitisk arbeid

Arna Arbeidarpartilag har i løpet av 2025 framleis hatt eit sterkt fokus på kvinnespørsmål, spesielt knytta til kvinnehelse og vald i nære relasjonar. Det har blitt delt ut brosjyrer med informasjon om kor ein kan få hjelp i valdsutsette situasjonar, mellom anna under kaffiaksjonane på Øyrane Torg og Arna togstasjon.

I tillegg har det vore mange debattar og diskusjonar om kvinnehelse i møter i Arna-styret. Under valkampen har kvinnenettverket vore ein aktiv del av fleire valkamparrangement og har støtta AiB sin kvinnepolitikk på nasjonalt nivå. Dette ble følgd opp i eit Teams-møte 28.05 med kvinnekontaktane og Astrid Eide Hoem, kvinnepolitisk leiar i Arbeiderpartiet.

Styremedlemmar som Marit Austnes har i tillegg deltatt på aktivitetar i Norges største kvinneorganisasjon, Sanitetskvinnene. Ann Wigdis Wilhelmsen har også brei erfaring og solid kunnskap om utfordringane innan kvinnehelse, noko som har ført til meir integrert og tilgjengeleg informasjon om aktuelle kvinneutfordringar og beslutningsprosessar for heile lokallagsstyret.

Kulturhuset Sentrum

Som medeigar i Kulturhuset Sentrum Ytre Arna, deltek laget med ein representant inn i styret. Huset har i 2025 avholdt 9 styremøte, samt dugnad og møter utover dette. Mykje av diskusjonane det siste året har vore knytta til vedlikehald, økonomi, drift av biblioteket og hyppigheit av aktivitetar og arrangement i huset. Drøftingar knytta til Coop sine planar for ny butikk i Ytre Arna er også noko som har vore mykje oppe, og vidare dialog med Coop knytt til prosessar framover vil bli følgd opp i 2026.

Elles har Kulturhuset sjølv gjennomført eit arrangement i 2025; Romjulsdans 27.desember.

Valkampen

Valkampen for stortingsvalet 2025 blei ein av dei største aktivitetane dette året. Målet var å sikre fornying av tillit til sitjande regjering og å sikre 4-5 plassar for Hordaland valkrins.

Denne valkampen var svært oppløftande med stort sett berre positive tilbakemeldingar og god stemning overalt. Sitjande regjering opplevde høg tillit i møte med ei meir utrygg og uforutsigbar verd, og vi hadde solide og flinke kandidatar på stortingslista vår, flankert av toppkandidatane Lubna og Rune. Valet enda opp med at me oppnådde målsetjinga; Støre-regjeringa vart attvalt, og som følgje av at Lubna heldt fram i regjering som Kultur- og likestillingsminister, er no Hordaland inne med 2.-5.kandidatane frå stortingslista som faste representantar på Stortinget.



Aktivitetar som laget gjennomførte eller deltok på i valkampen:

- Leggjing av valmateriell i postkassar, frå nord til sør i bydelen
- Deltaking i valbod på Torgallmenningen
- Husbesøk i eigen og andre bydelar i kommunen
- Morgoaksjonar - på Arna stasjon og i andre bydelar
- Stand på Øyrane Torg, Lagunen og andre bydelar
- Turaksjon i Osen
- Valgkampkickoff med roseaksjon
- Diverse valkampmøter




15-20 av laget sine medlemmar var med på dei ulike aktivitetane. I tillegg fekk vi god hjelp av medlemmar frå andre lag, og styret er svært takksame til alle som bidrog i dette arbeidet.

Andre aktiviteter:

I 2025 har styret hatt 6 styremøte og behandla 35 saker. Det er sendt ut julekort til alle medlemmar i desember 2025. Styret har og hatt jamleg kontakt via messenger.

Markering mot privatisering av Arna Helseheim

31.mars var Arna Arbeidarpartilag medarrangør for aksjonen *NEI til konkurranseutsetting av sykehjem i Bergen*. Aksjonen blei arrangert i samarbeid med Arna SV og Raudt Arna og Åsane. Det vart halden appellar ved Øyrane Torg frå dei respektive partia, kor Linn Kristin Engø, noverande gruppeleiar i bystyret, haldt appell på vegne av Arbeiderpartiet. Aksjonen hadde godt oppmøte, og mange av lagets medlemmer deltok. Etter appellar vart det arrangert fakkeltog frå Øyrane til Arna Helseheim. Aksjonen fekk stor merksemd, med medieoppslag i både Bygdanytt, BA og BT. Til trass for den sterke motstanden, blei dessverre resultatet at dagens byråd valde å gjennomføre planen sin med privatisering, kor Arna Helseheim var eit av to sjukeheimar i Bergen det blei lyst ut konkurranse om drift på.



Utover dette, har partilaget også gjennomført 2 kaffi-aksjonar på Arna Stasjon og 2 «politikarbenkar»/stands på/ved Øyrane Torg iløpet av 2025.



Økonomi:

Per 31.12.2025 hadde laget kr 2684,- på konto. Rekneskapet viser eit underskot for 2025 på kr 1345,-, dette er eit avvik på kr 3205,- i høve til budsjett. Hovedårsaka til dette er auka valkamputgifter og prøveordning på nytt rekneskapsprogram.

Konklusjon:

Pr. 31.12.2025 hadde laget 87 medlemmar, (86 medlemmar og 1 støttemedlem), dette er ein oppgang på 7 medlemmar samanlikna med 31.12.2024. Vi såg ein betydeleg auke i samband med endring i regjeringssituasjonen i januar/februar 2025 der Arbeiderpartiet skilde lag med Senterpartiet og byrja å regjere aleine. Det har elles vore enkeltinnmeldingar jamnt igjennom heile året. Medlemsutviklinga er noko styret vil fortsetja fokuset på og arbeida vidare med, og håper på eit aktivt år der vi som lag får til auka rekruttering gjennom påverknad overfor bekjente, og at fleire medlemmar vert med på aksjonar og arrangement i bydelen. I tillegg håpar me å finna tema og aktivitetar som kan engasjere fleire av våre eksisterande medlemmar, og oppfordrar sterkt medlemmane våre til i den samanhengen å melda inn tema og kva dei kan bidra med.

2025 har vore eit aktivt år, og vi er stolte av dei aksjonane og arrangementa vi har gjennomført. Vi håper på å få gjennomført både medlemsmøter og folkemøter om aktuelle tema i 2026, eit fortsatt godt samarbeid om aktuelle tema og saker saman med andre fag/bydelslag, i tillegg til dei andre faste aksjonane som synliggjør oss og partiet vårt overfor arnabuen.

Styret takkar for tilliten i 2025.

ARNA ARBEIDARPARTILAG, den 08.01.26

v/styret

Arild Grimstad Iversen
Arild Grimstad Iversen
leiar

Årsmøtet i Vestland Arbeiderparti:

Medlemmar:	Varamedlemmar:
Arild Grimastad Iversen Geir Steinar Dale	Marit Austnes Kine Bratli Dale John Brattåker

Representantskapet i Vestland Arbeiderparti:

Medlem: Arild Grimastad Iversen

Varamedlem: Marit Austnes

Kvinneutvalet:

Elena Danyliuk Namdal

Styrerepresentantar i IS Kulturhuset Sentrum:

Medlem: Geir Havre 2 år

Varamedlem: Kine Bratli Dale 2 år

Årsmøte IS Kulturhuset Sentrum:

Medlem: Kine Bratli Dale 1 år

Medlem: Arild Grimastad Iversen 1 år

Medlem: Geir Havre 1 år

Varamedlem: Geir Steinar Dale 1 år

Representantar i Fylkestinget:

Kine Bratli Dale, medlem av Fylkesutvalet og Fylkestinget, og nestleiar i Hovedutval for kultur, idrett og inkludering

Representantar i Bergen bystyre:

Geir Dale, medlem - Utval for miljø og byutvikling

Einar Salbu, varamedlem - Utval for finans, kultur og næring

Politiske representantar i samarbeidsutval skular og barnehagar:

Garnes skule: Marit Austnes, med Ståle Nordøen som vara

Indre Arna barnehage: John Brattåker, med Ann Wigdis Wilhelmsen som vara

Bogane barnehage: Ann Wigdis Wilhelmsen, med Kristin Akselberg som vara

Ytre Arna skule: Kine Bratli Dale, med Arild Grimastad Iversen som vara

Representanter i politiske forum Arbeiderpartiet i Bergen

Marit Austnes og Roy Juvik - Oppvekstpolitisk forum

Bjørn Bjørnnes - Utenriks-, sikkerhets- og forsvarspolitisk forum